

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 19.11.2014

Vår ref.: 201005583-14, 201005669-11, 201206714-10,  
201400336-11, 201300078-7, 200805458-9, 200903948-  
10, 201000397-8, 201000704-11, 201006176-11,  
201300056-10, 201301252-11, ksk/esha, sosb og hela

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Erlend Støle Hansen 22 95 98 26

Solveig Silset Berg 22 95 93 25

Henrik Langbråten 22 95 94 18

## **Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje 12 småkraftverk i Askvoll, Førde og Naustdal kommunar – høyring**

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggje 12 småkraftverk i Askvoll, Førde og Naustdal kommunar. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla dersom det er aktuelt.

### **Torvik kraftverk – Torvik Kraft AS – Førde kommune**

Torvik kraftverk vil nytte eit fall på 125 m i Ervikselva med inntak på kote 125 og kraftstasjon på kote 0. Vassvegen på ca. 830 m er planlagt med profilboring i øvre del og som nedgraven lausmassegrøft/kombinert grøft i nedre del. Det er planlagt om lag 300 m ny mellombles anleggsveg langs røyrkata. Det vil ikkje verte behov for nye permanente vegar. Middelvassføringa er 1860 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 3,6 MW og etter planane gje ein produksjon på 11,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 830 m lang elvestrekning i Ervikselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 108 l/s i sumarsesongen og 80 l/s om vinteren. Til orientering så er Torvik kraftverk og Ervikselva kraftverk konkurrerende prosjekt.

### **Ervikselva kraftverk – NK Småkraft AS – Førde kommune**

Ervikselva kraftverk vil nytte eit fall på 178,5 m i Ervikselva med inntak på kote 198,5 og kraftstasjon på kote 20. Inntaket er planlagt ved utløpet av Øygardsvatnet som er planlagt regulert mellom HRV (høgste regulerte vasstand) på kote 198,5 og LRV (lågaste regulerte vasstand) på kote 197,5. Som ei alternativ utbyggingsløyving søkas det også om eit alternativ utan regulering av Øygardsvatnet. Vassvegen på om lag 2210 m er planlagt som kombinert borehull og nedgraven røyrgate. Det er planlagt om lag 700 m mellombels anleggsveg langs røyrkata. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt 150 m permanent veg. Middelvassføringa er 1700 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### **Hovedkontor**

Middelthungsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### **Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

#### **Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### **Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### **Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### **Region Øst**

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

på 3700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 5,49 MW og etter planane gje ein produksjon på 16,6 GWh med regulering og 15,5 GWh utan regulering. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2400 m lang elvestrekning i Ervikselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 100 l/s i sumarsesongen og 80 l/s om vinteren. Til orientering så er Ervikselva kraftverk og Torvik kraftverk konkurrerande prosjekt.

#### **Hellevang kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Førde kommune**

Hellevang kraftverk vil nytte eit fall på 103 m i Hellevangselva med inntak på kote 129 og kraftstasjon på kote 26. Vassvegen på om lag 800 m er planlagt nedgrave/sprengt delvis i og langs eksisterande traktor-/kjerreveg. Det er planlagt med mellombels anleggsveg langs vassvegen som skal omgjerast til køyresterkt terreng. Eksisterande avkjørsel til kraftstasjonsområde må oppgraderast. Middelvassføringa er 1141 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,0 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,7 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 950 m lang elvestrekning i Hellevangselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 85 l/s i sumarsesongen og 45 l/s om vinteren.

#### **Marka kraftverk – Norges Småkraftverk AS – Førde kommune**

Marka kraftverk vil nytte eit fall på 470 m i Lysaelva/Markafossen med inntak på kote 708 og kraftstasjon på kote 238. Vassvegen på om lag 1376 m er stort sett planlagt med profilboring, men i ei strekning på om lag 36 m frå kraftstasjon til påhugg er det tenkt nedgraven røyrgate. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt 350 m ny permanent veg. Anlegget skal elles byggast veglaust. Middelvassføringa er 460 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 890 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 3,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 12,3 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2500 m lang elvestrekning i Lysaelva/Markafossen. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 25 l/s heile året.

#### **Vassbrekka kraftverk – Vassbrekka Kraft AS – Førde kommune**

Vassbrekka kraftverk vil nytte eit fall på 162 m i Stoelva med inntak på kote 392 i Stoelva og kote 392 i Anga, samt kraftstasjon på kote 230. Vassvegen på om lag 2800 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. For tilkomst til inntaket i Anga er det planlagt bygging av 200 m veg. Middelvassføringa er 2500 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3750 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5 MW og etter planane gje ein produksjon på 20,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2500 m lang elvestrekning i Anga, og 300 m lang elvestrekning i Stoelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 150 l/s i perioden 01.05-30.09. Resten av året er det planlagt slepp av minstevassføring på 110 l/s.

#### **Anga kraftverk – Angakraft SUS – Førde kommune**

Anga kraftverk vil nytte eit fall på 56 m i Anga med inntak på kote 79 og kraftstasjon på kote 23. Vassvegen på om lag 1100 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Det er planlagt ein 50 m lang ny veg fram til inntaket og eksisterande veg til kraftstasjonsområde må oppgraderast. Middelvassføringa er 8100 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 12500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 5 MW og etter planane gje ein produksjon på 19 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1100 m lang elvestrekning i Anga. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 900 l/s heile året.

### **Stølselva kraftverk – Stølselva Kraft SUS – Førde kommune**

Stølselva kraftverk vil nytte eit fall på 310 m i Stølselva med inntak på kote 445 og kraftstasjon på kote 135. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1400 m lang elvestrekning i Stølselva. Vassvegen på om lag 1400 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Det er planlagt ein 40 m lang ny veg fram til inntaket og 200 m ny veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 850 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,2 MW og etter planane gje ein produksjon på 6 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s heile året.

### **Hundsåna kraftverk – Nordkraft Vind og Småkraft AS – Askvoll og Førde kommune**

Hundsåna kraftverk vil nytte eit fall på 277,5 m i Hundsåna med inntak på kote 282,5 og kraftstasjon i fjell på kote 5. Det er planlagt å regulere Hestvikvatnet 0,5 m mellom LRV på kote 282 og HRV kote 282,5. Vassvegen på om lag 370 m er planlagt som boret tilløpstunnel ned til konvensjonell drevet tunnel ved kraftstasjonen. Tunnelmasser er planlagt deponert på dyrka mark vest for utløpet av Hundsåna i Hestvika. Det er planlagt permanent veg til kraftstasjonen som ein kort avkjørsel på omtrent 10 m frå Rv. 609. Ut over dette er det ikkje planlagt veg. Middelvassføringa er 565 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,1 MW og etter planane gje ein produksjon på 9,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Hundsåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s heile året.

### **Bakkeelva kraftverk – Trollekraft AS – Askvoll kommune**

Bakkeelva kraftverk vil nytte eit fall på 222 m i Bakkeelva med inntak på kote 253,5 og kraftstasjon på kote 31,5. Vassvegen på om lag 1500 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga langs austsida av Bakkeelva. Det er planlagt permanent veg til inntaket ved å ruste opp eksisterande skogsveg og bygging av om lag 550 m ny veg. Middelvassføringa er 730 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Bakkeelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 28 l/s heile året.

### **Fossevika småkraftverk – Småkraft AS – Askvoll kommune**

Fossevika småkraftverk vil nytte eit fall på 221 m i Fossedalselva med inntak på kote 225 og kraftstasjon på kote 4. Vassvegen på om lag 1120 m er planlagt som sjakt/tunnel og dei siste 120 m som nedgrave rørgate. Masser frå tunnel er planlagd nytta til bygging av molo og kai i forbindelse med kraftstasjonen. Overskotsmasser er planlagt dumpet i fjorden. Rørtrasé frå kraftstasjonsområde til påhugg vert nytta til tilkomstveg og frakt av tunnelmasser i anleggsfasen. Det er ikkje planlagt permanente veger og inntaket skal byggast med helikopter. Middelvassføringa er 1728 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2935 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,76 MW og etter planane gje ein produksjon på 18,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Fossedalselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 400 l/s frå inntaket i perioden 01.05-30.09, og 120 l/s resten av året.

### **Rørvika kraftverk – Rørvika Kraftverk SUS – Askvoll kommune**

Rørvika kraftverk vil nytte eit fall på 227 m med inntak på kote 230 i Storelva og kote 230 i Stølselva, samt kraftstasjon på kote 3. Vassvegen på om lag 1250 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Det skal overførast ein mindre bekk til inntaket i Stølselva. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av 220 m eksisterande veg. Det skal byggast permanent veg til begge inntaka og total lengde for den er 1300 m. Middelvassføringa er 560 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal

slukeevne på 1000 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,93 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1830 m lang elvestrekning i Storelva og Støselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 65 l/s frå inntaket i Storelva og 35 l/s frå inntaket i Støselva i perioden 01.05-30.09. Resten av året er det planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s frå inntaket i Storelva og 10 l/s frå inntaket i Støselva.

#### **Øvre Redal kraftverk – Øvre Redal Kraft AS – Naustdal kommune**

Øvre Redal kraftverk vil nytte eit fall på 420 m i Leiteelva med inntak på kote 480 og kraftstasjon på kote 60. Det søkast også om å overføre vatn frå Støselva til Leiteelva. Overføringa er planlagt med ein kombinasjon av røyrgate på 300 m og ein frittrennande bekk. Vassvegen på om lag 1350 m er planlagt nedgraven/nedsprennd på heile strekninga. For tilkomst til inntaket er det planlagt ein 1500 m ny veg. Middelvassføringa er 276 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,7 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1570 m lang elvestrekning i Leiteelva og på 300 m i Støselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s frå inntaket i Leiteelva og 6 l/s frå inntaket i Støselva heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber kommunane leggje to eksemplar av søknadane ut til offentleg ettersyn på rådhuset i Askvoll, servicetorget på rådhuset i Førde og servicekontoret på kommunehuset i Naustdal fram til **27.02.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **27.02.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette. Vi minner om at alle fråsegn vil verte offentleg tilgjengelege.

Til informasjon for høyringspartane vert ytterlegare tre småkraftpakkar i Sogn og Fjordane sendt på høyring i løpet av vinteren og våren 2015. Dette gjelder småkraftpakkane Sognefjorden, Eid/Bremanger og Luster. Søknadane i Sognefjorden-pakka vert mest sannsynleg sendt på høyring i løpet av januar 2015, medan Eid/Bremanger og Luster vert sendt på høyring våren 2015. Befaring av småkraftpakke Askvoll-Førde blir truleg før sumarferien 2015 og Sognefjorden-pakka truleg både før og etter sumarferien. Småkraftpakkane Eid/Bremanger og Luster vert mest sannsynleg befart hausten 2015.



Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Erlend Støle Hansen  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:        Papirversjon av søknadane (kun til kommunane)  
                  Kunngjøringstekst  
                  Informasjonsark  
                  Oversiktskart

Mottakerliste:

Anga kraft AS  
Askvoll kommune  
Askvoll og Holmedal Jakt- og Fiskelag  
Direktoratet for Mineralforv. med Bergmesteren for Svalbard  
FabelAktiv  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Førde Bondelag  
Førde Jakt- og Fiskelag  
Førde kommune  
Holmedal Og Askvoll Bondelag  
Indre Sunnfjord Turlag  
Kystverket Vest  
Miljødirektoratet  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Naustdal Bondelag  
Naustdal Jakt- og Fiskelag  
Naustdal kommune  
Nordkraft AS v/Maria Dahl  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Padleforbund  
Norges Småkraftverk AS v/David Inge Tveito  
Norsk Kraft AS v/Bård Moberg  
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane  
Rørvika Kraftverk SUS  
SFE Nett AS  
Småkraft AS v/Kari Seim  
Småkraft AS v/Åshild Bråten  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sogn og Fjordane Turlag



Statens Vegvesen Region Vest  
Statnett SF  
Støselva SUS  
Sunnfjord Energi AS v/Bent Vidar Kårstad  
Sunnfjord Energi AS v/Odd Rune Håland  
Sunnfjord Energi AS v/Olav Osvoll  
Sunnfjord Energi Nett AS  
Sunnfjord Kajakklubb  
Torvik kraftverk AS  
Trollekraft AS  
Vassbrekka Kraft AS  
Øvre Redal Kraft AS